**Fra:** Drange, Elin Sjødin (Elin.Drange@bergen.kommune.no)
**Sendt:** 29.03.2017 21:49:26
**Til:** Rune Heradstveit; Arthur Kristian Arnesen; Paul Manger; sigmund.kvernes@godesirklar.no; 'gunnhild.utkvitne@voss.kommune.no'; lars.mjos@osteroyindustrilag.no; tore.dale@askoy.kommune.no
**Kopi:** Hans Inge Gloppen; Jostein Farestveit; Mette Nora Sætre; Bård Sandal; 'Gro Jensen Gjerde (gro@samarbeidsraadet-sunnhordland.no)'; Eitrheim Jostein (Jostein.Eitrheim@hardangerraadet.no)

**Emne:** SV: Forvaltning av Etablerarfondet for Bergensregionen
**Vedlegg:** image001.png
Hei,

Jeg har forståelse for synspunktene fra Rune, og støtter forslaget om at Bergen, som er den desidert største "regionen" (mer enn halve fylket) får anledning til å forvalte sin andel av etablerefondet på linje med de mindre regionene. Det vil også våre politikere forvente.

Vi opprettholder samtidig tilbudet om å forvalte midlene for hele Bergensregionen.

Mvh Elin Sjødin Drange

-------- Opprinnelig melding --------
Fra: Rune Heradstveit <Rune.Heradstveit@nordhordland.net>
Dato: 29.03.2017 08:59 (GMT+01:00)
Til: "Drange, Elin Sjødin" <Elin.Drange@bergen.kommune.no>, 'Arthur Kristian Arnesen' <Arthur.Kristian.Arnesen@hfk.no>, Paul Manger <pjm@os-ho.kommune.no>, sigmund.kvernes@godesirklar.no, "'gunnhild.utkvitne@voss.kommune.no'" <gunnhild.utkvitne@voss.kommune.no>, lars.mjos@osteroyindustrilag.no, tore.dale@askoy.kommune.no
Ko: Hans Inge Gloppen <Hans.Inge.Gloppen@hfk.no>, Jostein Farestveit <Jostein.Farestveit@hfk.no>, Mette Nora Sætre <Mette.Nora.Saetre@hfk.no>, Bård Sandal <Bard.Sandal@hfk.no>, "'Gro Jensen Gjerde (gro@samarbeidsraadet-sunnhordland.no)'" <gro@samarbeidsraadet-sunnhordland.no>, "Eitrheim Jostein (Jostein.Eitrheim@hardangerraadet.no)" <Jostein.Eitrheim@hardangerraadet.no>
Emne: SV: Forvaltning av Etablerarfondet for Bergensregionen

Hei
Eg veit ikkje heilt kor bra det er at det ser ut til å bli valkamp av dette, men eg har peika på at me kan ta på oss oppdraget dersom det er ynskjeleg – og at me har kompetanse på dette frå tidlegare.
Dersom nokon har reagert på at eg svara etter «fristen» som fylkeskommunen sette til tilbakemelding på skrivet, så var det dessverre spesielle grunnar til det. Dette var avklart med fylkeskommunen på førehand.

Elin har peika på fleire grunna til at Bergen ynskjer å ta denne jobben, og peika i møtet også på ei viss skepsis for at andre skulle ha ansvar for Bergen. Ordninga med BRB var ny – og vara kun to år. Det kom også litt i fanget på oss alle – spesielt gjerne dei som allereie hadde eit regionalt ansvar. Når me no skal organisera dette delvis på nytt – og alle spurt kva dei synest, burde gjerne fylkeskommunen orientert oss litt nærare korleis denne ordninga historisk har fungert – og var meint å fungera. Korleis var midlar fordelt i distrikta kontra i sentrale bystrøk? Og meir viktig: korleis bør fordelinga vere framover, når ein veit at spesielt 'oljeregionar' slit med nedgangstider og treng stimulimidlar for nyetableringar. Her bør ein sjå på fordelinga i fylket med framtidsretta syn. Elin viste til antal nyetableringar i Bergen kontra i distrikta, dette blir for enkelt. Alle veit at distrikta slit meir med fråflytting og nedlegging av verksemder m.v., og at det er vanskelegare å etablera noko nytt enn i Bergen.

Eg trur ikkje mine ni ordførarar og ni rådmenn utan vidare ville vera utan meining om dette, og sidan på Hardanger og Sunnhordland forvaltar denne ordninga, vil spørsmålet koma opp kvifor me ikkje gjer dette sjølve når me har eit stort regionråd. Det var ei forståing for at BRB fekk ansvar for fondet i og med at dei allereie hadde ansvar for deler av næringsarbeidet for 22 kommunar inkludert Bergen. At Bergen no skal bli «overkommune» for dette når

me har eit velfungerande Regionråd med administrasjon som også har næring under sine venger, vil kunne skapa reaksjon.

Slik saka no er i ferd med utvikla seg, vågar eg å koma med alternativ organisering sjølv om fylkeskommunen i utgangspunktet har sagt at dei ynskjer BRB-ansvaret vert overført samla til ein instans.

Hardanger og Sunnhordland har i dag dette ansvaret, og om det skulle bli fleire fondsforvaltarar i fylket, ser eg ikkje som noko større arbeidsmessig forskjell verken for fylkeskommunen eller for forvaltninga som sådan .

Eg føreslår derfor:

1. Regionråda Hardanger, Sunnhordland og Nordhordland har ansvaret innanfor sitt område. Både Osterøy og Modalen er i Regionrådet i Nordhordland, så Osterfjord inngår der. Vaksdal er også medlem i IKT Nordhordland og deltar i Rådmannsutvalet i Region Nordhordland, og eg tenkjer at det er naturleg at også dei kan vera i Nordhordland, men dette kan dei eventuelt bestemma sjølv.

2. Bergen får ansvar for seg.

3. Fylkeskommunen kan saman med dei andre kommunane rundt Bergen, velja kor det er mest naturleg dei høyrer heime / ynskjer høyra heime.

Ordnina med BRB hadde sikkert gode intensjonar, men for Region Nordhordland sin del, så opplevde me at me missa oversikt over kven som fekk midlar / søkte om midlar, og har derfor ikkjesett dette i samanheng med etablerersamtalar / -opplæring. Det var uheldig, og uansett ordning, må prosedyrane / rutinane vera annleis og mykje betre. Det betyr også at me må få på plass eit Felles vegkart for etableropplæring i fylket og forholdet mellom HFK - Etablerersenteret – regionane – næringshagane – inkubatorane m.v.

Med venleg helsing
Rune Heradstveit | Dagleg leiar | Nordhordland Utviklingsselskap IKS | Region Nordhordland
Tlf. +47 56 37 58 87 | Mobil +47 90 75 34 59 | www.regionnordhordland.no

---

**Fra:** Drange, Elin Sjødin [mailto:Elin.Drange@bergen.kommune.no]
**Sendt:** 27. mars 2017 18:18
**Til:** 'Arthur Kristian Arnesen'; Rune Heradstveit; Paul Manger; sigmund.kvernes@godesirklar.no; 'gunnhild.utkvitne@voss.kommune.no'; lars.mjos@osteroyindustrilag.no; tore.dale@askoy.kommune.no
**Kopi:** Hans Inge Gloppen; Jostein Farestveit; Mette Nora Sætre; Bård Sandal
**Emne:** SV: Forvaltning av Etablerarfondet for Bergensregionen

Hei,

at Bergen sendte inn sitt «kandidatur» innen fristen, med begrunnelse om at vi har både kapasitet og kompetanse til forvalte Etablererfondet – samt at Bergen kommune har 3 ganger så mange nyetableringer som øvrige kommuner til sammen, burde være gode argumenter for at Bergen får aksept for å ta dette ansvaret på vegne av bergensregionen.

For ordens skyld; Det er også avklart med byråden at vi ønsker å påta oss dette ansvaret.

Med vennlig hilsen

Elin Sjødin Drange
Næringssjef
Byrådsavdeling for klima, kultur og næring
Bergen kommune
Mob. +47 97673020

---

**Fra:** Arthur Kristian Arnesen [mailto:Arthur.Kristian.Arnesen@hfk.no]
**Sendt:** 27. mars 2017 17:00
**Til:** Drange, Elin Sjødin; Rune Heradstveit; Paul Manger; sigmund.kvernes@godesirklar.no; 'gunnhild.utkvitne@voss.kommune.no'; lars.mjos@osteroyindustrilag.no; tore.dale@askoy.kommune.no
**Kopi:** Hans Inge Gloppen; Jostein Farestveit; Mette Nora Sætre; Bård Sandal
**Emne:** SV: Forvaltning av Etablerarfondet for Bergensregionen

Hei igjen

Sist uke fikk vi tilbakemelding både fra Bergen kommune og fra Regionrådet i Nordhordland om at begge kan tenke seg å ta over dette forvaltningsansvaret. Vi synes jo det er veldig bra at flere er interesserte i å påta seg en slik oppgave. Det er vi veldig glade for.

Likevel må vi, og dere, velge en aktør til å forvalte disse midlene.  Nå vet vi jo hva både Elin og Rune mener, men jeg vil gjerne utfordre dere andre til å komme med synspunkt på dette, før vi lander en beslutning. Det beste for oss hadde selvsagt vært om dere i felleskap kunne blitt enige om hvor forvaltningsansvaret skulle ligge.

Jeg ber om en snarlig tilbakemelding slik at vi kan få landet denne saken i løpet av uka.

Venleg helsing

**Arthur K. Arnesen**
konst. næringssjef
Regionalavdelinga| Seksjon for næring og lokalsamfunnsutvikling
HORDALAND FYLKESKOMMUNE
Mob: 970 93 086
www.hordaland.no |

---

Fra: Rune Heradstveit

Sendt: 22. mars 2017 17:04

Til: Jostein Farestveit; Arthur Kristian Arnesen; 'elin.drange@bergen.kommune.no'; Rune Heradstveit; Paul

Manger; sigmund.kvernes@godesirklar.no; 'gunnhild.utkvitne@voss.kommune.no'; lars.mjos@osteroyindustrilag.no; tore.dale@askoy.kommune.no

Emne: Vedr forvaltning av etablerarfondet for Bergensregionen

Hei

Viser til møte sist veke og til notat sendt ut frå fylkeskommunen 16. mars d.å.

Regionrådet i Nordhordland ved Nordhordland Utviklingsselskap IKS er interessert i å ta på oss oppgåva med å forvalta etarblerarfondet for det som i denne samanheng vert kalla Bergensregionen. Me har mange års erfaring med dette i staben vår, og me gjorde denne jobben for vår region inntil dette vart overført til BRB på vegne av BRB-kommunane i 2015.

Me støttar at det må etablerast eit fondsråd, og i det høvet må det lagast gode køyrereglar for arbeidet slik at dette ikkje vert ein byråkratisk prosess.

Me støtter elles det som er kome fram om at retningslinene må vera tydeleige og forståelege for dei som skal søkja.

Med venleg helsing

Rune Heradstveit | Dagleg leiar | Nordhordland Utviklingsselskap IKS | Region Nordhordland

Tlf. +47 56 37 58 87 | Mobil +47 90 75 34 59 | www.regionnordhordland.no

---

Fra: Paul Manger [mailto:pjm@os-ho.kommune.no]

Sendt: 20. mars 2017 11:57

Til: 'Hans Inge Gloppen'; Jostein Farestveit; Arthur Kristian Arnesen; 'elin.drange@bergen.kommune.no'; Rune Heradstveit; sigmund.kvernes@godesirklar.no; 'gunnhild.utkvitne@voss.kommune.no'; lars.mjos@osteroyindustrilag.no; tore.dale@askoy.kommune.no

Emne: SV: Forvaltning av Etablerarfondet for Bergensregionen

Hei Hans Inge, og de andre!

Sjølve ramma og forvaltninga rundt fondet slik det er omtalt i skissa her eg ikkje kommentarar til.

Det bør skrivast meir om målgruppe og kva midlane skal gå til, eller tenkjer vi at dette kjem i neste omgang? Først avklaring av forvaltning og deretter spesifisere ordninga og kven som kan søke om midlar, og kva ein kan søke om (ulike søknadskategoriar … ) ?

Eller er det slik at dette ligg fast i «Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar av 1. januar 2014» … ?

Ser epost frå Elin no. Dersom det er fleire som er villige til å vere forvaltar av etablerarfondet får vi ta ein runde til på det … vi bør vel lande på ein forvaltar?

Helsing Paul

… innan fristen kl 12:00


Paul J. Manger

Assisterande rådmann

Os kommune

Tlf 56 57 50 27

Mobil 47 88 11 37


---

**Fra:** Drange, Elin Sjødin [mailto:Elin.Drange@bergen.kommune.no]
**Sendt:** 20. mars 2017 11:20
**Til:** 'Hans Inge Gloppen'; Jostein Farestveit; Arthur Kristian Arnesen; Rune Heradstveit; Paul Manger; sigmund.kvernes@godesirklar.no; 'gunnhild.utkvitne@voss.kommune.no'; lars.mjos@osteroyindustrilag.no; tore.dale@askoy.kommune.no
**Kopi:** Tolden, Harm-Christian
**Emne:** SV: Forvaltning av Etablerarfondet for Bergensregionen

Hei,

Bergen kommune v/Næringsseksjonen har vurdert saken – og kommet til at det fra vår side er ønskelig å påta oss oppgaven som forvalter av etableringsfond på vegne av Bergensregionen.

Begrunnelsen er at de fleste nystartede bedriftene vil være tilhørende i Bergen kommune, og en slik forvaltningsoppgave vil gi oss god innsikt i hva som rører seg i vår region. Etter at Næringsseksjonen er utvidet fra 2 til 4 årsverk, vil vi også ha tilstrekkelig kapasitet til å forvalte disse midlene. Vi forholder oss da anslagsvis 20 % årsverk til oppgaven.

I 2016 ble det registrert 3607 nyetableringer i Bergen, mens de øvrige kommunene i regionen hadde 1205 antall nyetableringer til sammen (SSB-statistikk). Fra vårt ståsted synes det derfor mest hensiktsmessig at det er Bergen som forvalter ordningen på vegne av bergensregionen – og vi er villige til å påta oss dette arbeidet basert på de premissene som ligger i vedlagte notat.

Med vennlig hilsen

Elin Sjødin Drange
Næringssjef

Bergen kommune
Byrådsavdeling for klima, kultur og næring
Postboks 7700, 5020 Bergen
Tlf.: 05556 Mob.: 97673020

Fra: Lars Mjøs [mailto:lars.mjos@osteroyindustrilag.no]

Sendt: 17. mars 2017 08:49

Til: Hans Inge Gloppen; Ove Sæbø; Vaksdal Næringsselskap AS

Kopi: Rune Heradstveit

Emne: Re: Forvaltning av Etablerarfondet for Bergensregionen

---

Hei

Eg er lei for at me ikkje klarte å stille opp i det førebuande arbeidet.

Her kjem nokre umiddelbare innspel frå mi side. Me har ikkje fått drøfta dette i Osterfjord Næringssamarbeid. Eg sender dette innspelet til dei 2 andre deltakarane, så få dei kome med evetnuelle tilleggsinnspel direkte til dykk.

Eg støttar; Nordhordland IKS som ny forvaltar av «Etablererfondet for Bergensregionen»

Eg stiller meg litt undrande til formuleringa:

- Midlane skal tildelast som tilskot på inntil 50.000 kroner til etablerarar og ny næringsverksemd som fell utanfor Innovasjon Noreg sine ordningar

Dette kan lesast som at ein må ha fått avslag frå Innovasjon Norge for å dokumentere at ein fell utanfor.

Alternativt kan det lesast som at etableringa ikkje har "et antatt betydelig verdiskapingspotensial og høye vekstambisjoner". (Sitat frå Innovasjon Norge sin heimeside).

Hadde det vore mogeleg å formulere dette på ein meir brukarvenleg og direkte måte slik at søkjaren veit om han er kvalifisert til å søkje, eventuelt kva som må dokumenterast for å grunngje at ein er kvalifisert til å søkje?

Her er nokre refleksjonar knytte til "administrativt fondsråd" for dei komunane som ikkje er med i Nordhordland IKS:

Kva inneber at "Dette rådet kan vurdera kvaliteten på søknadene,"?

Tyder det at dei skal vurdere kvar einskild søknad? Det synest ikkje å vere ein god ide. Skal rådet då berre gje råd eller skal det avgjere? Og skal ein då handsame søknader frå Nordhordland og ikkje Nordhordland ulikt. Og kven avgjer kor mykje pengar som skal gå til etableringar i Norhordland og kor mykje til dei andre komunane.

Eg foreslår at det då heller står t.d.: Nordhordland IKS legg 2 gongar i året fram ein rapport om tildelingar frå fondet. Rådet drøftar denne og kjem med sine råd til fondsforvaltaren. Fondsforvaltaren kan elles kalle inn rådet om dei har bruk for råd.

Ein kan eventuelt spesifisere nokre tilhøve som rapporten bør omtale.

Kva meiner ein med "søknadsfristar" her?:

"Kommunane i regionen vurderer sjølv korleis dette samarbeidet skal organiserast, søknadsfristar....."

Tidlegare i dokumentet står:

Når det gjeld handsaminga av søknaden gjeld desse føresetnadane:

- Søknader vert handsama fortløpande.

Då kan det vel ikkje innførast "søknadsfrister"?

Eg trur det er lurt å ha med ei formulering som avgrensar kor mange som kan vere med i "rådet"; dette må bli eit organ det er lett å be om råd hjå.

Under: "Marknadsføring av etablerarfonda"

er det naturleg å nemne kom-an.no.

Venleg helsing

Lars Mjøs

Osterfjord Næringssamarbeid

v/Industrikonsulenten på Osterøy

5282 Lonevåg

56 19 22 70

Mobil 416 28 531

---

**Fra:** Hans Inge Gloppen
**Sendt:** 16. mars 2017 14:00
**Til:** Jostein Farestveit <Jostein.Farestveit@hfk.no>; Arthur Kristian Arnesen <Arthur.Kristian.Arnesen@hfk.no>; 'elin.drange@bergen.kommune.no' <elin.drange@bergen.kommune.no>; Rune Heradstveit <Rune.Heradstveit@nordhordland.net>; Paul Manger <pjm@os-ho.kommune.no>; sigmund.kvernes@godesirklar.no; 'gunnhild.utkvitne@voss.kommune.no' <gunnhild.utkvitne@voss.kommune.no>; lars.mjos@osteroyindustrilag.no; tore.dale@askoy.kommune.no
**Emne:** Forvaltning av Etablerarfondet for Bergensregionen

Her kjem ei skisse til korleis fondet skal forvaltast basert på diskusjonen vi hadde på møtet 14. mars 2017.

Frist for tilbakemelding og kommentarar er måndag 20. mars før klokka 12:00

Venleg helsing

**Hans Inge Gloppen**
Spesialrådgjevar
Regionalavdelinga | Næringsseksjonen
**HORDALAND FYLKESKOMMUNE**

Tlf: 97 41 40 40
www.hordaland.no